



# ÅRSMELDING

for

*Tysnes kommune*

2005

*Saksnr.*  
06/00042

*Dok.nr*  
002073/06

*Arkivkode*  
001

*Avd/Sek/Saksh*  
FSK/PER/ESLI

*Dykkar ref.*

## ÅRSMELDING 2005

<u>Innleiring</u>	3
<u>1.ØKONOMI</u>	4
<u>1.1 Utvikling i frie inntekter</u>	7
<u>1.2 Utgifter og inntekter etter art</u>	7
<u>1.3 Renterisiko</u>	8
<u>1.4 Utvikling i kommunen sine fond</u>	8
<u>1.5 Oversyn over likvide midlar</u>	8
<u>2. Årsrapport for sektorane</u>	9
<u>2.1 Sentraladministrasjonen</u>	9
<u>2.1.1 Organisasjon</u>	9
<u>2.1.2 Politisk aktivitet</u>	10
<u>2.1.3 Økonomisk resultat</u>	10
<u>2.1.4 Oppnådde resultat</u>	11
<u>2.1.5 Samla vurdering</u>	15
<u>2.2 Undervisning</u>	15
<u>2.2.1 Organisasjon</u>	15
<u>2.2.2 Politisk aktivitet</u>	17
<u>2.2.3 Økonomisk resultat</u>	17
<u>2.2.4 Oppnådde resultat i høve til handlingsprogram</u>	17
<u>2.2.5 Samandrag</u>	19
<u>2.3 Helse og sosial</u>	19
<u>2.3.1 Økonomisk resultat</u>	19
<u>2.3.2 Utviklingstrekk i etaten</u>	20
<u>2.3.3. Helseavdelinga</u>	21
<u>2.3.4 Sosialavdelinga</u>	24
<u>2.3.5 Pleie- og omsorgsavdelinga</u>	24
<u>2.4 Landbruk- og teknisk etat</u>	29
<u>2.4.1 Organisasjon</u>	29
<u>2.4.2 Politisk aktivitet</u>	29
<u>2.4.3 Økonomisk resultat</u>	29
<u>2.4.4. Rapport - handlingsprogram</u>	30

Meieribyggeidomen” over på private hender medan Tveit skulehus vart sold til bygdelaget i grenda.

Kommunedelplan for idrettsanlegg og anlegg for friluftsliv vart revidert i meldingsåret.

I samband med skissert framtidig aktivitet på næringsområdet i med tidlegare planlegging vore ei opprusting av fylkesveg 78 på austsida i 2005. Mellom steinmassar frå industriområdet i for pengane. Dette kan me gle oss over - sjølv om det i utgangspunktet ikkje skulle vera eit kommunalt ansvar å rusta opp ein fylkesveg for fleire millionar til eit minimumsnivå etter dagens krav.

I høve breibandssatsinga til Tysnes Kraftlag gjorde kommunen i meldingsåret vedtak om å gå inn som ein av fleire interessentar i Tysnes Breiband AS. Omfanget av engasjementet vart ikkje fastsett.

Det var store endringar i bibliotekdrifta i 2005. Biblioteket har no bak seg det første heile driftsåret i nye og trivelege lokale i Tysneshallen. 2005 var og det første året med berre eitt bibliotek i kommunen. Biblioteksjefen vart elles i meldingsåret formelt kvalifisert som leiar av folkebiblioteket.

I 2005 vart det for første gong arrangert yrkes- og utdanningsmesse på Tysnes. Det svært vellukka arrangementet gjekk av stabelen i Tysneshallen.

Alle skulane og nokre av barnehagane i kommunen fekk på plass eigne nettsider på haustparten.

Frå hausten 2005 vart for første gong i historia sjuandeklassingane i Tysnes samla ved ein skule.

Investeringane i bygg i 2005 gjekk til nye tiltak i eksisterande bygg, i hovudsak knytt til brannsikring og inneklima. Tysnes kommune fekk elles formelt sett på plass ein ballbinge ved Onarheim skule, men æra og ansvaret for denne må i det store og heile tilskrivast Onarheim idrettslag.

Sidan Midhordland revisjonsdistrikt av ymse grunnar er under avvikling, kom det hausten 2005 på plass ny revisjonsordning for kommunen. Etter ein anbodsrunde vart Noraudit valde som kommunen sin revisor for ein periode.

Ved utgangen av 2005 var innbyggjartalet 2795. Dette er ein nedgang på heile 30 personar frå årskifte. Nedgangen skuldast både at det har flytta fleire frå kommunen enn det har flytta til, og at fødselstala er lågare enn talet på avlidne.

## **1. Økonomi**

### **INNTEKTER;**

#### **Rammetilskotet**

Tysnes kommune har i 2005 motteke kr 56.451.000,- i rammetilskot. Det var budsjettert kr. 55.078.00,-. Meirinntekta på kr. 1.373.000,- skuldast i hovedsak tre tilhøve:

- Folketalsauke frå 01.01.2004. til 01.01.2005 gjorde at kommunen fekk over kr 300.000,- ekstra i rammetilskot.
- Nye berekningar på momskompensasjon gav kommunen kr 583.000,- ekstra. Då momskompensasjonen vart innført i 2004 vart Tysnes kommune trekt over 4,5 millionar i rammetilskotet. Nye berekningar som er gjort syner at kommunen vart trekt for mykje både i 2004 og i 2005. Kommunen fekk etterbetalt kr. 222.000,- i november som gjaldt 2005. Vidare vart det attendebetalt kr. 361.000,- i desember som gjaldt 2004.
- Kompensert mindreinntekt på skatt.

#### **Overføringer med krav til motyting**

På side 6 i hovedoversynet går det fram at Tysnes kommune har motteke i overkant av 23 millionar i kostra-art 700:780. Det er i regulert budsjett berre lagt inn kr. 15.302.000, dvs. ein differanse på 7,7 millionar kroner.

Denne differansen skuldast følgjande:

- Tysnes kommune budsjetterer verken med momskompensasjon inntekt eller utgift når det gjeld drifta. I 2005 er det inntektsført kr 2.857.000,- i momskompensasjon frå drift.
- Det er inntektsført kr 2.067.000,- meir i sjukepengar enn det som var budsjettet.
- Under rammetilskot er det inntektsført kr 1.806.000,- som gjeld momskompensasjon frå 2003 (gamal ordning).
- Det er ført kr 137.000,- i inntekter frå Kvinnherad kommune som kjem frå samarbeid om dagsenteret.
- Kommunen har fått kr 176.000,- i refusjonar frå andre når det gjeld planlegging.
- Statleg tilskot tunge brukarar vart kr 380.000,- høgare enn budsjett.
- Kommunen har fått overført frå fylkeskommunen tilskot til skyssutgifter med nær kr 100.000,-.

## **Skatteinntekt**

Skatteinngangen i 2005 var på kr 42.570.000,- mot opphavleg budsjett på 42,8 millionar kr. Mindreinntekt på skatt må me sjå i samanheng med inntektene på rammetilskotet som nemnt over. Tysnes kommune hadde ein auke i skatteinntektene på 3,4 %. På landsbasis var auken 4,4 %.

## **Brukarkbetalingar og andre sals- og leigeinntekter**

Desse postane syner positive avvik på til saman nær kr 900.000,-. Årsaker til dette er:

- Tysneshallen har kr 313.000,- i meirinntekt ut over det som var budsjettet.
- Det er inntektsført 550.000,- meir på slamtømming enn det som var budsjettet. Det meste av dette er sett av på fond.
- Det er og meirinntekt på legekontoret

## **Andre statlege overføringer**

I denne inntektposten ligg inntekter som bustønad, skjønstilskot barnehagane, rente- og avdragskompensasjon for skule og omsorgsbustader og integreringstilskot flyktninger.

Me ser at rekneskap og budsjettal er nokså like (ca. kr 170.000 i differanse).

Det var ikkje budsjettet inntekter på skjønstilskot barnehagane. Ein del av desse inntektene er overførte til fond. Inntektene av integreringstilskot flyktninger er mindre enn budsjettet. Vidare er det viktig å merka seg at inntektene på denne posten samla var 1,4 mill. høgare i 2004-rekneskapen. Grunnen til denne skilnaden i disfavør av 2005 er reduserte inntekter på integreringstilskot.

## **UTGIFTER**

og utslag for statens pensjonskasse sine berekningar. I slutten av oktober 2005 fekk me opplyst at netto pensjonskostnad ville vera 2.235.000,-, medan det i januar 2006 er nye berekningar som syner pensjonskostnad på kr 1.950.000,-.

Me ser at inklusiv berekning av arbeidsgjevaravgift får denne nye reknemåten eit utslag på mellom 1,3- og 1,4 millionar kroner for Tysnes kommune.

### **Kjøp av tenester som erstattar kommunal tenesteproduksjon**

I meldingsåret har me hatt mindre utgifter enn budsjettet til SIM og til revisjonen. Det er ikkje kjøpt tenester hos Statens vegvesen slik som budsjettet.

Her har kommunen hatt ei meirutgift på kr. 1,8 millionar i høve til budsjett. Forklaringa til dette er:

- Utgifter på kr 2.860.000,- som gjeld momskompensasjonen som ikkje er budsjettet. Dette er motposten til inntektene som er nemnt under hovudavsnittet "Overføringer med krav til motyting".
- Det er utgiftsført nær kr 300.000,- meir på overføringer enn budsjettet. Overføringer frå næringsfondet utgjer kr 170.000,-. Vidare er etableringstilskot gjeve med kr. 70.000,-.
- Budsjetterte beløp på til saman kr 300.000,- står unytta på tilleggsloyyvingspostane.
- Posten for å dekka lønsauke og pensjon står med ein rest på nær 1 million. Pensjonskostnadene - premieavvik er utgiftsført annan plass i rekneskapen med 1,8 mill.

I etterkant ser me at det burde vore gjort budsjettreguleringar slik at det ikkje oppstod så mange avvik.

### **Renter/avdrag**

Renter og avdrag er i sum nær det budsjettet nivået.

I budsjettet er det ikkje teke med renter/avdrag på etableringslån. Både renteinntekter og renteutgifter blir ført i driftsrekneskapen, medan avdrag på etableringslån skal investeringsrekneskapen. Her er det og utgifter og inntekter. Desse skal vera like store.

Me kan registrera litt lågare utgifter til renter på lån i 2005 enn i 2004. Dette skuldast det låge rentenivået. Me kan ikkje venta så låge utgifter til renter i 2006 stigande rente.

Når det gjeld avdrag er det auke frå kr 3.133.000,- i 2004 til 3.788.000,- i 2005. Desse utgiftene aukar i åra som kjem. I 2006 er det budsjettert utgifter til avdrag med kr 4.450.000,-.

## **Netto driftsresultat**

Netto driftsresultat for 2005 er på kr 1.006.000,-. Dette utgjer mindre enn 1 % medan målet for kommunen er 3 %. Dei kommunane som hadde levert rekneskapen for 2005 til rett tid hadde eit gjennomsnittleg netto driftsresultat på 3,9 %.

### **1.1 Utvikling i frie inntekter**

Mill. kr.	Rekneskap 2005	Rev. Budsjett 2005	Budsjett 2005	Rekneskap 2004	Budsjett. 2004	Rekneskap 2003
Skatt	42,570	42,700	42,800	41,154	41,737	39,764
Rammetilskot	55,251	53,878	53,878	52,311	53,935	54,227
Momskompensasjon	0,955	1,187	1,100	3,767	3,000	0,548
Refusjon Reform 97/						
Komp. Skulebygg	0,543	0,520	0,520	0,581	0,750	0,615
.Komp.sjukeh/omsb.	1,013	0,956	0,956	1,124	1,251	1,801
Skjønnsmidlar	1,200	1,200	1,200	1,400	1,400	3,600
<b>Sum</b>	<b>101,532</b>	<b>100,441</b>	<b>100,454</b>	<b>100,337</b>	<b>102,073</b>	<b>100,555</b>

### **1.2 Utgifter og inntekter etter art**

Mll. kr.	Rekneskap 2005	Rev.budsjett 2005	Budsjett 2005	Rekneskap 2004	Budsjett 2004	Rekneskap 2003
Løn	109,8	106,7	103,5	105,3	99,1	98,2
Kjøp av varer	23,0	22,7	22,3	23,0	21,8	25,3
Kjøp av tenester	3,7	4,3	4,2	5,1	5,0	4,1
Andre utgifter	6,4	4,6	5,8	6,9	9,3	5,1
<b>Sum utgifter</b>						
utan renteutgift	142,9	138,3	135,8	140,3	135,2	132,7
Salsinntekter	23,6	22,6	23,0	23,9	22	21,8
Refusjonar	24,3	16,6	13,9	23,6	16,7	17,2
Overføringer	101,4	101,7	101,5	100,5	101,6	102,7
<b>Sum inntekter</b>	<b>149,3</b>	<b>140,9</b>	<b>138,4</b>	<b>141,7</b>	<b>133,1</b>	<b>141,9</b>

### 1.3 Renterisiko

1000 kr	Mill kr	Rente %	% av samla lånegjeld
Lån utan rentebinding			
Tysnes spareb	8.787	6	76,4%
Husbanken	10.442	2,6	
Kommunalbanken	33.141	2,55	
KLP	0.813	2,65	
Kommunekreditt	10.540	1,38	
Fastrente til 2006	2.953 / 1.512	4,92 / 5,55	5,4
Fastrente til 2007	2.059	6,2	2,5
Fastrente til 2008	7.922	5,2	9,5
Fastrente til 2009	3.183 / 2.035	2,7/3,7	6,2
Gjeld i alt	83.387		100 %

### 1.4 Utvikling i kommunen sine fond

1000 kr	Rekneskap 2005	Rekneskap 2004	Rekneskap 2003
Bundne drifts- fond	8.649	7.810	6.680
Disposisjons- fond	9.709	12.229	11.814
Bundne investeringsfond	280	256	466
Ubundne investeringsfond	85	210	210
Sum	18.724	20.505	19.170

### 1.5 Oversyn over likvide midlar

1000 kr	Rekneskap 2005	Rekneskap 2004	Rekneskap 2003
Omløpsmidlar	27.774	23.404	25.253
Kortsiktig gjeld	19.450	22.308	18.629
Fondsavsetningar	18.724	20.505	19.170
Unytta lånemidlar	7.599	6.248	5.993
Lån av likviditetsreserven	19.807	27.325	21.156
Udisponert overskot	1.808	1.668	2.618
Sum, netto	16.648	2.192	13.249

### Konklusjon

Sjølv når me dreg vekk den fondsbruken som i utgangspunktet var lagt inn i budsjettet for å koma i balanse, så fekk Tysnes eit overskot på rundt kr 140.000,- i 2005. Dette er sjølvsagt positivt, men ikkje nok til å gje kommunen eit særleg stort handlingsrom framover. Eit netto driftsresultat på vel ein million kroner er mindre enn 1 %, medan målet er minst 3 %. Tysnes kommune har etter kvart fått ein temmeleg høg låneporfølje, og eit visst overskot på drifta vil derfor vera ein nødvendig føresetnad for at kommunen skal kunna møta nye økonomiske

Uggdal og Tysnes ved Uggdal skule og 5. – 6. klasse frå dei same krinsane ved Tysnes skule, var eitt av tiltaka som vart vedteke. Andre tiltak var omlegging av drifta ved aldersheimen, kutt i lønsmassen i administrasjonen m.m.

korsvegen har teke ein del grep for å koma ned i driftsnivå, vil omstillingssprosessen måtta halda fram i åra som kjem. Me har ei stor utfordring i samband med at pilene for folketalsutviklinga for tida peikar nedover. Særskilt uroande er dei låge fødselstala. Kommunen må truleg ha ei høg nettotilflytting for å oppretthalda folketalet dei nærmaste åra. Får me ikkje det vil me fort oppleva at dette òg får konsekvensar direkte for den kommunale verksemda. Med så pass låge barnetal som p.t. ligg føre i dei yngste kan me t.d. sjå for oss at det vert vanskeleg å halda på den skulestrukturen me i dag planlegg utifrå. Samstundes er det slik at det er skulelevar og dei eldste (over 90 år) innbyggjarane i kommunen som gjev oss mest overføringer frå staten. Me ventar allereie ved neste årsskifte tysnesingar innanfor desse aldersgruppene. Dersom dette slår til vil det få store negative konsekvensar for kommunen sine inntekter.

Tysnessamfunnet er eit godt bumiljø for dei fleste av oss som held til her. Lagslivet er variert og blømande og me har fantastiske naturgjevne føresetnader for friluftsliv. Samstundes har me gode kommunale tenester å tilby. Det Tysnes i første rekke manglar for å halda folketalet stabilt og helst aukande, er mest truleg fleire og meir varierte arbeidsplassar. Sjølv om mange vel å bu på Tysnes og arbeida andre stader, er ikkje dette nok til å halda folketalet oppe. Ein arbeidsplass innanfor kommunegrensene vil for mange vera ein føresetnad for "viljen til å bu" på Tysnes. Vakre omgjevnader og gode fritidstilbod er lite å leva av åleine. Tysnes kommune har dessverre små ressursar å setja inn på næringsutvikling. Kommunen kan likevel gjera ein god innsats mellom anna ved å vera ein pådrivar for å få ein betre infrastruktur og gjennom å ha ei positiv grunnhaldning til dei private initiativa som måtte koma.

Audun Hovland  
rådmann

## **2. Årsrapport for sektorane**

### **2.1 Sentraladministrasjonen**

#### **2.1.1 Organisasjon**

Sentraladministrasjonen har m.a. følgjande arbeidsoppgåver:

- saksførebuing og oppfølging for politiske organ
- overordna styring vis a vis etatane
- ekspedering av saker
- driftsansvar for kommunen sine økonomifunksjonar
- oppsyn med fellestenestene

Sentraladministrasjonen er delt inn i rådmannskontoret og økonomikontoret. I 2005 har begge desse kontora hatt stillingar i vakanse i heile eller delar av året. Ein del oppgåver vert

Årsverk	faktisk 2002	faktisk 2003	faktisk 2004	faktisk 2005	plan 2006
Sentrale administrative funksjonar	9,0	8,7	8,3	8,2	8,6
Tenester: kultur,bibliotek, idrett miljø, flyktning og næring	4,9	2,6	2,6	2,3	2,2
Sum	13,9	11,3	10,9	10,5	10,8

## 2.1.2 Politisk aktivitet

Tal saker til politisk handsaming

Utvale	2003	2004	2005
Kommunestyre	95	52	63
Formannskap	96	110	111
Administrasjonsutval	9	6	-
Klagenemnd	-	-	-
Andre	6	15	6

## 2.1.3 Økonomisk resultat

Ar / mill. kr.	Rekneskap 2005	Bud sjett 2005	Reknesk 2004	Rekneskap 2003
Politiske utval	2,5	2,7	2,5	2,6
Adm.og leiing formansk.kontor	2,4	2,5	2,4	2,7
Økonomi	2,4	2,5	2,6	2,25
Planarbeid	0,4	0,15	0,5	0,8
Fellesutg.service				2,9
adm.lokale	4,2	4,3	2,6	
Næring og samferdsle	0,9	0,6	0,7	0,9
Førebyggande tiltak				0,6
sosial og helse	0,8	0,6	0,7	
Naturforvalting	0,1	0,05	0,15	0,1
Aktivitetstilbod b/u	0,2	0,2	0,25	0,2
Bibliotek	0,35	0,35	0,4	0,35
Idrett	1,0	0,8	0,7	0,2
Kunst og kultur	0,2	0,3	0,15	0,3
Kyrkja	1,0	1,0	1,1	1,5
Sum utg.	16,5	16,0	14,75	15,4
Sum inntekter	3,6	1,7	3,2	2,0
Netto utgift	12,9	14,3	11,55	13,4

Investeringar

	Budsjett 2005	Rekneskap 2005
Ballbinge Onarheim	0	280
EDB	388	464
Kyrkje investeringar	400	858
<u>Sum investering</u>	<u>788</u>	<u>1.602</u>

## 2.1.4 Oppnådde resultat

### Administrasjon og leiing

For å få meir ut av ressursane våre er me stadig på jakt etter betre måtar å løysa oppgåvane våre på. Målet er heile tida å finna ein balanse mellom budsjett, tenester og menneskelege ressursar. Nye løysingar kan innebera samarbeid med andre kommunar eller omorganiseringar av eiga verksemd. Me må òg ha ei kontinuerlig vurdering av skal leggja oss på for å gje eit fullnøyande servicetilbod. Føresetnadene endrar seg heile tida. I 2005 har me fått hjelp frå eksterne konsulentar "til å tenkja" i spare-/omstillingsprosessen. Utifrå sluttrapporten dei kom med vedtok kommunestyret ein del tiltak som skal hjelpe kommunen med å redusera driftsnivået, vonleg utan at dette går nemneverdig ut over nivået på dei tenestene som vert råka. Tysnes kommune er heldigvis jamt over velsigna med dyktige og arbeidsame tilsette som ønskjer å gjera ein god jobb. Ei stadig utfordring er likevel, kanskje særskilt i nedskjeringstider, å få alle deler av tenkja som ei eining og trekkja i same retning.

### Planlegging

Planleggingsmidlane for 2005 gjekk i stor grad med til å hyra inn eksterne konsulentar i samband med omstillings-/omstruktureringssarbeidet.

### EDB

Også innan IT gjev statlege krav og restriksjonar oss ein del utfordringar. Datatilsynet stiller strenge krav til handsaming av sensitiv informasjon som t.d. pasientjournalar og barnevernssaker, medan ulike statlege organ stiller krav til rapportering via IT av ymse informasjon gjennom KOSTRA. Dette gjer at me i mange høve lyt føreta investeringar og programvareoppdateringar som elles ikkje hadde vore naudsynte.

Elles er me med i samarbeid med andre kommunar innan fleire område. Eitt område er kart på nettsidene. Saman med 18 andre kommunar i Nord-Rogaland, Sunnhordland og Hardanger har Tysnes kommune no lagt ut tekniske kart på [www.fonnakart.no](http://www.fonnakart.no).

### Personal

Stillinga som konsulent (personal) stod vakant i tida 01.12.04 - 31.07.05. Frå 01.08.05 byrja ny personalkonsulent i 100 % stilling. Når ei stilling vart ståande så lenge i vakanse førte det nedprioriterast innan dette fagområdet i 2005. Det vart for eksempel ikkje halde møte i arbeidsmiljøutvalet før i oktober, og handlingsplanane for HMT kom ikkje opp før i møtet i november. Arbeidsmiljøutvalet har no bede om at desse

handlingsplanane vert tekne opp på møte før sommaren, slik at eventuelle større økonomiske tiltak kan takast med under handsaminga av budsjettet for året etter.

Det har over noka tid vore eit ønskje om å få utarbeidd ein desember vart det halde eit møte mellom leiargruppa og alle organisasjonane i høve utvikling av ein slik plan. Det vart sett ned ei gruppe på 3 representantar frå arbeidsgjevar (rådmann, helse- og sosialsjef og personalkonsulent), og 4 representantar frå organisasjonane (Utdanningsforbundet, Norges Ingeniørorganisasjon, Fagforbundet og Norsk sjukepleiarforbund). Det vart avtalt at lønspolitisk plan skal på høyring etter at hovudtariffoppgjeret er i hamn, og at saka skal leggjast fram for kommunestyret i september 2006.

Tysnes kommune vart IA-verksemd frå 01.05.04, og utarbeidde då ulike delmål som me skulle arbeida mot i tida framover. Bl.a. skulle sjukefråværet reduserast med 20 %, og med utgangspunkt i fråværsstatistikken for 2003, kom me fram til at sjukefråværet innan 31.12.05 skulle vera på under 5,15 %. Dette målet nådde me ikkje, ettersom sjukefråværet for 2005 kom på tett oppunder 7 % for heile verksemda.

Økonomikontoret har driftsansvaret for kommunen sine  
sjett, rekneskap, skatt, løn og rapportering. herunder bud-

### **Flyktning**

I 2005 var det busett 15 flyktningar i kommunen. Dei fleste flyktningane i Tysnes er i fast arbeid og flyktningrekneskapen vert derfor positiv.

4 personar deltok i introduksjonsprogram fram til 01.07.05. Alle avslutta programmet med å

1. september 2005 vart det innført ei ny ordning som lovfestar rett og plikt til opplæring i norsk og samfunnskunnskap. Lovfestinga av opplæringa skal sikra at innvandrarar tek del i grunnleggjande opplæring den første tida i Noreg. Den nye ordninga gjeld for innvandrarar som er busette etter 1. september 2005.

Det er oppretta eit nasjonalt register for introduksjonsordninga og rett og plikt til opplæring i norsk og samfunnskunnskap (NIR). Registeret vart innført 1. september 2005. Kommunen har plikt til å registrera i NIR alle vedtak, tiltak m.m.

### **Miljø og naturvern**

Miljøvernkonsernten har i meldingsåret brukt mykje av si tid (totalt ca. 10 % stilling) på uttalar i høve byggjesaker og søknader om utviding av/nye lokalitetar for oppdrett av laks. I tillegg har det m.a. vorte arbeidd vidare med kartlegginga av biologisk mangfold.

### **Beredskap**

I februar 2005 vart kriseleriinga øvd gjennom "Øving Hordaland". Denne gongen var dette ei øving som strekte seg over 1 – 2 veker. Kriseleriinga var elles samla 1 gong i høve ekstreme nedbørsmengder. Fylkesmannen har planar om ein ny øvingsrunde for kriseleriinga i 2007.

Alsakerkonsernet si tilrettelegging av industriområdet i knytt opp til at det vert tenlege tilhøve for landtransport til og frå området. Også det nyetablerte båtbyggeriet, LOS Marine, som gledeleg nok har starta opp i Alsakervågen, får nytte av dette vegprosjektet. Mellom anna er avkøyrsla dit utvida slik at det går å koma fram med større køyretøy til verksemda. Breibandssatsinga til Tysnes Kraftlag er ikkje minst viktig i næringssamanheng. Tysnes kommune er som nemnt ovanfor ein medspelar i Kraftlaget si satsing.

## Kultur

Sentrale oppgåver er m.a. tilskotsordningar, kulturvern, kulturformidling, generelt kulturarbeid, friluftsliv, reiseliv og planarbeid.

## Bibliotek

Biblioteket har i 2005 vore bemanna med 67% stilling. Samstundes har biblioteket lagt bak seg det første året i nye lokale, i Tysneshallen. Dette er også det første året det berre er eitt bibliotek i kommunen. Biblioteket har basert seg på å ha ope på kveldstid, då det er mest aktivitet i hallen, men held også ope på dagtid to dagar i veka.

Eit hovudmål i 2005 var å auka bokutlånet, som var på totalt 3668 bøker og andre medium mot 8060 året før. Sjølv om tala ved første augnekast fortel om ein tilbakegong var det heller ikkje anna å venta, ettersom biblioteket no ikkje lenger er lokalisert som kombinasjonsbibliotek på skulen. Bruken av biblioteket har i denne perioden likevel gått opp, nye låntakarar har kome til og det er all grunn til å tru at også utlånstala vil auka som følgje av ei langsiktig satsing på biblioteket sine tilbod. Biblioteket har vorte ein stor ”miljøfaktor” i Tysneshallen og er eit populært treffpunkt for mange ungdommar. Ut frå dei ressursane som har vore tilgjengelege for biblioteket, er det trass alt rimeleg grunn til å vera nøgd.

To andre hovudmål vart nådde i 2005. Omlegging til heilautomatisering av bibliotekdrifta i løpet av inneverande år, noko som vil gje konsentrera seg om andre oppgåver. Eit anna mål var at biblioteksjefen fullførte den pålagde utdanninga ved Bibliotekhøgskulen i Oslo og såleis har vorte formelt kvalifisert som leiar av folkebiblioteket.

Samstundes som folkebiblioteket flytta inn i nye lokale opphørde samdrifta med skulebiblioteket. Folkebiblioteket vil likevel stå til disposisjon for skulen, m.a. med opningstid på dagtid to gongar for veka.

Biblioteket er såleis for tida inne i ein omstruktureringfas. I nye lokale har biblioteket også fått eit nytt «konsept». Verksemda vil i hovudtrekk halda fram som før. I tillegg vil me etter kvart freista å få til ymse arrangement. Det lokalhistoriske aspektet vert ei hovudsatsing for biblioteket frametter. Såleis vert det arbeidd for ei permanent Heggland-samling og ei lokalhistorisk samling, begge delar i samarbeid med Tysnes Sogelag – då særleg med å gjera den lokalhistoriske bletsamlinga tilgjengeleg for ålmenta. Sjølv om det vil vera naturleg for

biblioteket å byggja opp og disponera ei lokalhistorisk samling, er me likevel avhengige av eksterne midlar til ei slik drift.

Eit viktig steg mot ei betra bibliotekdrift må vera å auka mediabudsjettet og modernisera det totale tilbodet. Sjølv om biblioteket har flytta inn i moderne lokale er det utstyrsmessig eit av dei dårlegaste i fylket. Det er såleis å ønskja at ein kan få løyvd pengar til nye hyller for å betra lagringskapasiteten, samt anna turvande utstyr.

## **Kulturvern**

Kommunen gjev stønad til prosjekt etter søknad. Det er løyvt tilskot til Solstråleøya Venelag.

Dataføring/registrering av stadnamnmaterialet frå Tysnes er følgt opp og gjennomført av Nordisk institutt, UiB.

Arbeidet med SEFRAK-registreringa starta opp og vil halde fram i 2006.

## **Kulturformidling**

Kunstlaget Njardarlog driv utstillingsverksemder på Årbakka.

Tysnes kommune står aktivt opp om dei laga og friviljuge som gjennom mange år har utvikla Årbakka Handelsstad til å verta den mest kjente turistattraksjonen i kommunen.

## **Idrett**

Det har vorte arbeidd med stønadsordningar, planarbeid, anleggsregistrering, kulturmider, spelemidlar, søknader og alt sekretærarbeid for Tysnes Idrettsråd.

Revidering av kommunedelplan for idrettsanlegg og anlegg for friluftsliv vart ferdig.

## **Friluftsliv**

Kommunen er medlem av Bergen og Omland Friluftsråd og betaler ein fast sum per innbyggjar i kontingen. BOF held vedlike 10 område.

Rydding, merking og vedlikehald av turstigar bør halde fram i samarbeid med lag, organisasjonar og skulane.

## **Tysneshallen**

Bruken av Tysneshallen har vore stor gjennom året. I tillegg til den ordinære aktivitetene har hallen vorte nytta til messer, treningsleirar, dansearrangement m.m. Generasjonstrekk med ymse aktivitetstilbod for dei over 60 starta opp hausten i meldingsåret. Dette har så langt vore ein suksess. I februar kom det på plass klatrevegg. Denne er formelt sett eigd av Tysnes kommune, men vert til dagen administrert av klatregruppa i Tysnes idrettslag.

## **Barne- og ungdomsarbeid**

Tysnes ungdomsklubb vart i praksis lagt ned.

Helge Jordal vitja Tysnes skule i samarbeid med Den kulturelle skulesekken.

### **Generelt kulturarbeid**

Følgjande tilskotsordningar vart handsama og midlar fordele:

Rentestønad, oppstartstilskot, kulturmidlar, underskotsgaranti, midlar til ungdomslaga.

Det er viktig at me sikrar eit godt samarbeid mellom kommunen og lag og organisasjonar, legg til rette for eit godt eksistensgrunnlag for laga og at me stimulerer laga til å læra opp leiatar.

I 2005 deltok kommunen med 5 arrangement under Kystsogevekene:

Revy, konsert og blueskveld i Saltebu i Nedrevåge, "Hundreårsmarsj i Uggdalsdalen", besøk av veteranbåten "Granvin" , kåseri om Chr. Michelsen og framsyninga "Terje Vigen" v/ Helge Jordal.

Me har delteke på reiselivsmesse og vore representerte i arbeidsgruppa for Strategisk handlingsplan for reiselivet i Sunnhordland.

Det langsiktige arbeidet bør gå mot kulturbasert næring/reiseliv, kulturminne og planarbeid.

### **2.1.5 Samla vurdering**

Sentraladministrasjonen har også i 2005 køyrt med reduserte ressursar. Det minkar ikkje på oppgåvene, og nye utfordringar dukkar stadig opp. Ein dyktig og arbeidsam arbeidsstokk syt for at hjula går rundt, sjølv om me ikkje alltid klarer tidsfristane forvaltingslova set. I ei tid med eit stadig krav om effektivisering vert utfordringa å sjå om me kan få endå meir ut av innsatsfaktorane. Samstundes som det ligg føre krav om innsparingar, er det ei kjennsgjerning at det frå politisk hald helst vert sett at dette ikkje medfører kutt i tenestetilbodet. Å få til dette

## **2.2 Undervisning**

### **2.2.1 Organisasjon**

Ansvarsområdet for skulekontoret har også i 2005 vore:

- grunnskulane m/SFO
- barnehagane
- kulturskulen
- voksenopplæringa

#### Grunnskulen.

Ved utgangen av 2005 har kommunen 5 skular, 4 med elevar på 1.-6. klassesteget og 1 med klasse-steget.

Ved årsskifte 2005/06 var det totalt 400 elevar i grunnskulane i Tysnes, 267 på barnesteget og

37 elevar gjekk ut av 10.klasse våren 2005, og 47 elevar tok til i 1.klasse hausten 2005. Tabellen nedanfor syner utviklinga av elevtalet på dei ulike skulane dei fire neste skuleåra med utgangspunkt i vedteken struktur, seinast vedtak om samanslåing av opptaksområda for Uggdal og Tysnes skular.

	haust 06	haust 07	haust 08	haust 09
Lunde skule	36	28	26	27
Onarheim skule	41	39	33	30
Reksteren skule	14	13	14	13
Tysnes skule	59	77	83	89
Uggdal skule	95	89	80	71
Sum barneskulane	245	246	236	230
Ungd.skulen	146	123	114	100
SUM:	391	369	350	330

#### Barnehagen.

Ved utgangen av 2005 hadde 116 barn plass i barnehagane i kommunen. Dette utgjer 85 % av alle barn i førskulealder (f. 2000 – 2004).

Det er 34 barn under 3 år i barnehagane, av totalt 54 born i kommunen. (63 %)

I aldersgruppa 3-5 år er det 82 born i barnehage (av totalt 82). (100 %)

Det har vore ein merkbar auke i dekningsprosenten når det gjeld born under 3 år. Jfr tabellen nedanfor.

Dekningsgrad	2003	2004	2005
Under 3 år	48 %	48 %	63 %
Over 3 år	93 %	98 %	100 %
Totalt	80 %	80 %	85%

Med utgangspunkt i fødselstala dei siste fem åra, tek me med ein tabell som syner barnetalet

	2001	2002	2003	2004	2005
Lunde	4	5	6	1	3
Onarheim	3	6	2	1	5
Reksteren	3	2	2	3	0
Tysnes	5	7	10	10	7
Uggdal	9	10	11	8	9
SUM	24	30	31	23	24

#### Årsverk og tilsette

I barnehagane har me hatt ca.23 årsverk. I skulane har det vore til saman ca. 61 årsverk.

Det er små endringar i høve til året før.

I skulane har sjukemeldingsprosenten vore 4,2 % (pedagogisk personale) og 11,9 % (anna personale). I barnehagane har sjukemeldingsprosenten lege på 9,3 %.

## 2.2.2 Politisk aktivitet

Tal saker til politisk handsaming

Utval	2004	2005
Oppvekst/omsorg	10	8
Kommunestyret	3	3

## 2.2.3 Økonomisk resultat

Her vert det synt til rekneskapen for 2005.

## 2.2.4 Oppnådde resultat i høve til handlingsprogram

Det var ikkje vedteke noko nytt handlingsprogram for året 2005. Dette vart sist gjort i kommuneplansamanheng for året 2003. Me har likevel stort sett halde oss til same malen som vart brukt i 2003 og 2004.

### Grunnskulen

- Driva kampanje for trivsel og tryggleik i skulen

Verksemndplanar og årsmeldingar frå skulane syner at arbeidet mot mobbing vert vidareført. Ein skule har arbeidd med Olweus-programmet. Nokre har eigne handlingsplanar mot mobbing. Fleire av skulane har drive med ulike former for trivselsfremjande tiltak og utvikling av sosial kompetanse.

- Vidareføra etterutdanning i IKT, m.a. gjennom deltaking i prosjektet lærerIKT  
Prosjektet lærerIKT vart avslutta for Tysnes sitt vedkomande i 2004.  
Ei gruppe ved Tysnes skule driv eit prosjekt for å prøva ut bruken av læringsplattform.
- Vidareføra satsinga på IKT gjennom oppdatering av maskinparken

Også i 2005 har utviklinga gått i rett lei på dette området.  
Kompetansen mellom lærarane når det gjeld bruk av IKT aukar stadig, og det er konkrete planar for vidare kompetanseutvikling når lærarane får berbare datamaskinar. Elles kan det nemnast at alle skulane fekk oppretta si eiga heimeside på internett hausten 2005.

- Styrkja overgangen ungdomsskule/vidaregåande skule gjennom deltaking i prosjekt i Midhordland skule- og barnehageregion

Eit samarbeidsprosjekt mellom ungdomsskular og vidaregåande skular i regionen, som vart starta opp våren 2002, har halde fram også i 2005.

- Innføra bruk av VUK (vurdering utan karakterar) i skulane i Tysnes

Alle skulane fekk i 2003 innføring i VUK, og hadde forplikta seg til å starta opp med dette arbeidet. Av årsmeldingane for førre skuleår kan ein lesa at dette i nokon grad er følgt opp. Men det har ikkje vorte gjennomført noko systematisk evaluering av dette.

- Skulevurdering

For å ivareta kravet i § 2 i forskrift til opplæringslova om skulevurdering, har kommunen gått inn for å slutta seg til eit regionalt samarbeid på dette området. Dette samarbeidet kom i funksjon hausten 2004. I november 2005 vart Uggdal skule vurdert av den regionale vurderingsgruppa.

Vurderingsrapporten vart lagd fram for Oppvekst/omsorg på møte i januar 2006.

- Nasjonale prøvar

Dei første nasjonale prøvane vart gjennomførte våren 2004. Dei omfatta 4., 7., og 10.årssteg. Våren 2005 vart det gjennomført nasjonale prøvar, men frå hausten 2005 er det inntil vidare innført stans i desse prøvene.

## **Skulefritidsordning**

- Oppretthalda tilbodet på flest mogeleg skular

I 2005 har det vore skulefritidstilbod ved Lunde, Onarheim, Uggdal og Tysnes skular. Til saman har det vore ca. 37 elevar i kommunen som til kvar tid har nytta seg av SFO-tilbodet. Dette utgjer ca. 24 % av elevane i småskulen.

- Vurdera samarbeid om SFO ved skular som ligg nær kvarandre

Dette har ikkje vore aktuelt å vurdera i 2005.

## **Kulturskule**

- Oppretthalda tilbodet på noverande nivå

Volumet på undervisninga har vore om lag det same som tidlegare, bortsett frå hausthalvåret, då det har vore noko mindre.

Det har vore undervisning på: Piano/keyboard, gitar, bassgitar, song, slagverk og messing.

Vårhalvåret vart det også gjeve gruppeundervisning i ballett/dans.

Kulturskulen sel timer til kor og korps, og det vert selt timer til Fitjar og Kvinnherad.

## **Vaksenopplæring**

- Gje tilbod om norsk m/samfunnskunnskap til flyktningar og innvandrarar

Aktiviteten på dette området har minka mykje i høve til tidlegare år.

Ved utgangen av 2005 var det 7 elevar som fekk slik opplæring.

Frå hausten 2005 har vaksenopplæringa halde til på Uggdal skule.

- Gje tilbod om vaksenopplæring til dei som har rett til det etter opplæringslova

Dette tilbodet er no redusert til eit minimum.

## **Barnehage**

Det vert drive mykje godt arbeid i barnehagane.

Som følgje av at konsulentstillinga ved skulekontoret framleis står vakant, er

utviklingsarbeidet med barnehagane overlate til styrarane.

Nokre av barnehagane har i 2005 fått eiga heimeside.

### **2.2.5 Samandrag.**

Kommunen har eit tilfredsstillande barnehagetilbod, sjølv om det sporadisk kan vera ventelister ved nokre av barnehagane. Tendensen er at fleire og fleire ynskjer utvida plass til borna sine i barnehagane. Dette gjer at ein må rekna med tilnærma same etterspurnad etter barnehageplassar, sjølv om barnetalet går ned i åra som kjem.

Kommunestyret har gjort ein del endringar i skulestrukturen. Dette vil føra til ei betre tilpasning til dei økonomiske rammene som har vorte trongare.

Med tanke på inneklimaet på fleire av skulane er det bra at ventilasjons/ENØK-tiltaka ved desse skulane no er med på gjeldande økonomiplan.

Skulefritidstilbodet ser ut til å ha stabilisert seg noko på dei største skulane.

Musikkskulen treng ein base med eigne, varige lokale.

Omfanget av innvandrarundervisninga har vore minkande, men det vil truleg likevel verta trond for dette tilbodet i åra som kjem.

## **2.3 Helse- og sosial**

### **2.3.1. Økonomiske resultat**

1000 kr i løpende priser

	Rekneskap 2004	Rev. b. 2005	Rekneskap 2005
Utgifter og inntekter			
Sum driftsutgifter			
Sum driftsinntekter			
Sum finansutgifter /			
Sum finansinntekter			
Nto driftsutgifter	41 425	41 341	40 281
Investeringar			
Sum utgifter			
Sum inntekter			
Nto utgifter/inntekter	412	425	302

Investeringane gjeld:

Nto. kostnader i 1000 kroner

#### sesongen 2005/2006

- Deltaking i "Flink med folk"-prosjektet, "LØFT", "Myndiggjorte medarbeidrarar" og "Effektiviseringsnettverk" i regi av KS
- Pilotprosjektet "EVUK" (Etter- og vidareutdanning i kommunehelsetenesta) der 3 leiarar har fullført leiarutdanning "Rettleiing som verkty for leiarar", 10 tilsette (sjukepleiar, vernepleiar, hjelpepleiar og omsorgsarbeidar) deltek på 2 ½ utdanning i regi av Høgskolen i Bergen
- Framtidig bruk av Tysnes aldersheim – driftsomlegging til bufellesskap for eldre frå 01.03.06
- 25-års markering Tysnes sjukeheim
- Nye lokale til dagsenter for psykisk utviklingshemma og dagsenter psykisk helse
- Kjøp av varebil til ergoterapeut/fysioterapeutar/psykiatrien/anna bruk i helse- og sosialetaten

\*<sup>1</sup> Driftsoverskotet fordeler seg slik:

1.30_ Administrasjon	kr 97'
1.31_ Helse	kr 192'

innan sosial omsorg og barnevern, tiltak ventar på iverksetjing m.v. Det er såleis ”oppmagasinerte tiltak” som vil krevja meir midlar inn i 2006.

### **2.3.3. Helseavdelinga**

#### **Helsestasjonen**

2005 vart eit aktivt og travelt år for oss på helsestasjonen og i skulehelsetenesta. Helsesøster si oppgåve er m.a. å bidra til at barn og unge får betre fysisk og psykisk helse, og auka mestring og trivsel i kvardagen. Helsestasjonen og skulehelsetenesta sin profil er å vera eit gratis lavterskeltilbod til alle.

Me hadde mange tøffe saker i året som gjekk. Dette har ført til mykje ekstra arbeid i den akutte fasen og med oppfølging i ettertid.

Me har også møtt mange unge som slit, det kan være adferdsproblem, spørsmål om ADHD eller andre samansette og vonde problem. Det er då trøng for mykje hjelp og støtte, og eit utvida tverrfagleg samarbeid både med 1.- og 2.-linje tenesta.

Det har også vore ein stor auke i reisevaksinasjon i året som gjekk. Folk reiser meir og har større grad meir eksotiske reisemål. Å gje rettleiing og vaksinasjon ved utanlandsreiser er både tidkrevjande og utfordrande.

I 2005 vart det ein del endringar:

- Helsestasjonsdagen med lege vart flytta frå onsdag til torsdag. Dette inneber at me har helsestasjon for sped- og småbarn frå kl. 08.00 til 14.00, og så fortset me med helsestasjon for ungdom frå kl 14.00 til 17.30. Tidlegare år var dette fordelt på 2 dagar, men det fungerer bra, sjølv om det vert ein lang og hektisk dag.
- Husmorvikaren vår gjekk frå 1.august ned frå 100 % til 50 % stilling ( p.g.a. avtalefesta pensjon ). Det har ført til eit redusert tilbod til brukarane og ei vanskeleg prioritering av kven som skal få husmorvikar, pluss at det er mange som ikkje har kunna fått husmorvikar, sjølv om dei hadde hatt trøng for det.

Nye utfordringar i 2006:

- Kvalitetssikra tilbodet om reisevaksinasjon, gjennom hospitering og lokale kurs.

rehabiliteringsmøte/arbeid. **Kontaktperson** for kommunen til Hjelpemiddelsentralen i Hordaland (HMS). Samarbeid med interkommunal synspedagogisk teneste (felles heimebesøk m.m.)

Ressursutnytting/målloppnåing: Tilvisingar: om lag 52 dette året. Desse er fordelt slik: Frå lokalt helsepersonell + enkelte frå 2. line tenesta (28), frå brukarar (14), frå pårørande (10) samt mange småsaker inni mellom. 104 heimebesøk, samt pasientkontakt i form av oppmøte på kontoret (36), saker ordna på tlf. m.m. (ca 69). Ergoterapeuten har sendt 84

rekvisisjonar til HMS om hjelpemiddel til Folketrygda og 36 service-rapportar på reparasjon av hjelpemiddel. Korttidsutlån av hjelpemiddel frå kommunalt lager til minst 30 personar, samt arbeid med hjelpemiddel som skal i retur til HMS. Hatt 4 oppdrag frå BHT.

Har hatt internundervisning for assistenter/kjøkkenpersonalet på sjukeheimen (tema: ADL/måltid) og tilrettelagt for firmademonstrasjon av hjelphemiddel (trykkavlastande puter). Har delteke i intern opplæring Iplos. Det er blitt arbeidd med prosedyrar for hygiene i høve til hjelphem.lageret i Tinghuskjellaren 2000 hjelphemiddel frå Folketrygda, til ein samla verdi av (det er ikkje mogleg å få eksakte tal frå HMS for 2005). Via

Kontaktpersonordninga får kommunen gratis overta mange hjelphemiddel frå HMS, som kan brukast til kommunalt utlån i open omsorg og i institusjon. Ergoterapeuten må dessverre bruka ein del tid på arbeid som burde vore utført av vaktmeistar dersom me hadde hatt slik teneste på dagtid og ikkje berre på timebasis og ettermiddagstid.

Kommunal varebil til m.a. ergoterapitenesta som kom på plass dette året, har letta heimebesøk og transport av hjelphemiddel mykje!

### **Fysioterapitenesta**

Fysioterapitenesta har i 2005 vore prega av det har vore ulike arbeidstakrar i tenesta, då det i periodar har vore 2 vikarar som har arbeidd her. Fysioterapitenesta har 150% stilling totalt. I 2005 har den réelle stillingsprosenten for tenesta i periodar vore nede i 0/50/70/100% grunna sjukemeldingar og vakanse. Fysioterapeut Kristin Lande slutta i si 100% faste stilling i desember 2005. Frå 1. desember 2005 vart Lene Sagen Ringeling tilsett i 100% fast stilling. 50% fast stilling stod vakant i desember 2005, og det vart tilsett ein ny fysioterapeut i denne stillinga frå 01.03.06, slik at det frå denne dato igjen er 150% fysioterapistilling i Tysnes kommune.

For året 2005 vart det ikkje utarbeida ein verksemndsplan for fysioterapitenesta. Årsmeldinga vil derfor ta utgangspunkt i verksemndsplan for 2004.

#### Rehabilitering:

- Fast oppfølging av 5-6 heimebuande vaksne pasientar.
- Oppfølging av pasientar på sjukeheimen to gongar i veka, så langt dette har vore mogleg.

#### Habilitering:

- Fast oppfølging av 3 barn.
- Føreteke undersøking etter tilvising av 5 barn, utan behov for vidare oppfølging.

#### Forebyggjande fysioterapi:

- Gjennomført motorisk undersøking av 5 md. gamle barn.
- Undersøkt barn på ulike alderstrinn med usikker motorisk utvikling, ulike smertetilstander med sannsynleg årsak i muskel-skjelett-systemet med meir, etter tilvising frå helsesøster.
- Gjennomført forskuleundersøking av 5-åringane i Tysnes kommune, og delteke på innskrivningsdagar på barneskulane i Tysnes.
- Gjennomført ryggundersøking av 6. klassingane i Tysnes.
- Vore med og arrangert 2 svangerskapskurs.
- Delteke i prosjekt ”generasjonstreff” 1.5 t pr veke, som er eit treningstilbod for eldre i Tysnes kommune, for å hindra unødig fysisk forfall hos denne gruppa.

- Trimgruppe ved Peralio ca. 1 t pr veke.

### **2.3.4 Sosialavdelinga**

Bemanning: Sosialkonsulentstillinga stod i vakanse store delar av 2005 pga. innsparing. Sosialavdelinga var då bemanna med 1,3 stillingar.

Sosialavdelinga handsama 64 søknader om sosialhjelp. 11 personar mottok støttekontaktenester. Under 5 personar mottok avlastningstenester.

Barnevernstenesta mottok 30 uromeldingar på barn i Tysnes.

15 barn mottok hjelpetiltak etter bvtl. § 4-4.

Under fem barn frå Tysnes mottok omsorgstiltak i fosterheimar.

Barnevernstenesta førte tilsyn med 6 fosterheimar i Tysnes.

Sosialavdelinga førebudde 11 saker til klientutval/klageorgan i Tysnes kommune.

Sosialavdelinga førebudde 7 saker om startlån og bustadtilskot til husbankutvalet i Tysnes.

### **2.3.5 Pleie- og omsorgsavdelinga**

Aktiviteten innanfor pleie- og omsorgsavdelinga har stort sett vore stabil gjennom året.

Personell:

- Ved Tysnes aldersheim vart det nytt styrarskifte frå august 2005. Tilsett styrar har permisjon frå stillinga frå september 2005 til juni 2006, og det er vikar for henne i same periode.
- Avdelingssjukepleiar ved Tysnes sjukeheim har 1 års permisjon frå oktober 2005.
- Leiarane innanfor pleie- og omsorgsavdelinga elles har vore stabile.
- Det har vore stor utskifting av faglært arbeidskraft, særleg gjeld dette sjukepleiarar.

Edb:

- Det har vore skaffa datamaskiner til avdelingane i Tysnes sjukeheim.
- Det har vore gjeve opplæring når det gjeld elektronisk ajourhald/timelister og Shift Manager, KDO Consulting.

Effektiviseringsnettverka:

- Pleie- og omsorgsavdelinga v/styrar Tysnes sjukeheim, pleie- og omsorgsleiar og helse- og sosialsjef har delteke på "Effektiviseringsnettverka" gjennom KS. Dette vart avslutta mai 2005, og Tysnes er førebels ikkje med i vidare nettverk gjennom KS. Tysnes har vore saman med 6 andre kommunar: Austevoll, Etne, Fusa, Samnanger, Ullensvang og Vaksdal.

Konsulenthjelp:

- Pleie- og omsorgsavdelinga var med i arbeidsgruppe i tidsrommet juni - september 2005, der firmaet Headvisor gjekk gjennom tenestene våre.

#### Samarbeidsutval Helse Fonna:

- Pleie- og omsorgsavdelinga er med i Samarbeidsutvalet i Helse Fonna for Stord sjukehus og kommunane Stord, Bømlo, Kvinnherad, Fitjar og Tysnes.

#### Kompetanseoppbygging:

- Gjennom Høgskulen i Bergen er Tysnes med i eit 4-årig pilotprosjekt "Klinisk kompetansestige for helsepersonell", saman med 3 andre kommunar, Austevoll, Lindås og Kvam. Ein har først starta opp med ei leiarutdanning der 3 leiarar frå pleie- og omsorgsavdelinga i Tysnes har delteke; avdelingssjukepleiar og styrar ved Tysnes sjukeheim og avdelingsleiar ved bustader pu Vågsmarka. Desse var ferdige våren 2005. Frå juni 2004 har me starta opp med ei etter- og vidareutdanning for hjelpepleiar, omsorgsarbeidar, sjukepleiar og vernepleiar, EVUK, som vil gå over 3 år, fram til våren 2007. 10 tilsette deltek, og slik er fordelinga frå dei ulike arbeidsplassane: Tysnes sjukeheim: 3 hjelpepleiar/omsorgsarbeidar og 1 sjukepleiar.  
Heimetene: 1 omsorgsarbeidar og 1 sjukepleiar.  
Bustader pu Uggdal: 2 hjelpepleiar/omsorgsarbeidar.  
Bustader pu Vågsmarka: 1 hjelpepleiar/omsorgsabeidar og 1 vernepleiar.

- Det har vore gjennomført opplæring i IPLOS, individbasert pleie- og omsorgsstatistikk, eit statistikksystem som er innført i alle landets kommunar frå 2006.
- 1 tilsett deltek på desentralisert sjukepleiarutdanning ved Høgskulen i Bergen.
- Pleie- og omsorgsavdelinga har 2 lærlingar i omsorgsarbeidarfaget vk II, som kvar skal ha læretid i 2 år innafor helseinstitusjon, sosiale tenester og heimebaserte tenester.
- Kurs i håndhygiene vart halde v/hygienesjukepleiar ved Stord sjukehus for alle tilsette på institusjon og heimetene 25.05.05.
- Kurs i legemiddelhandsaming vart halde ved farmasøyt, avdeling for farmasøytisk rådgjeving, for hjelpepleiarar/omsorgsarbeidrarar 20.10.05.

#### Institusjonsplassar:

- Totalt har kommunen hatt 51 institusjonsplassar: 39 sjukeheim- og 12 aldersheimspllassar.  
Over fleire år har det vore ledig kapasitet når det gjeld institusjonsplassar, noko som har gjort at ein i 2005 har kunna gjort flytting av bebuarar frå aldersheimen til sjukeheimen, utan at dette har medført overbelegg eller krise i høve behov for institusjonsplassar. Alle som har hatt eit behov for institusjonsplass, anten korttids- eller langtidsopphald, har fått dette innvilga.

- Me har lagt vekt på å ha korttidsplassar ledige ved sjukeheimen som vert nytta til rehabilitering, avlasting eller anna til søkjarar med ulike behov.
- Ved færre institusjonsplassar vil prioritering ved tildeling av institusjonsplass verta

#### Heimetenestene:

Totalt brukarar av heimehjelp og heimesjukepleie pr. 31.12.05: Heimetenestene, med heimehjelp og heimesjukepleie er delt inn i 2 område.

- Område 1 Onarheim/Nymark: 26 brukarar
- Område 2 Tysnes - Lunde - / Uggdal - Flatråker - Reksteren: 98 brukarar
- BPA, brukarstyrt personleg assistent: 1 brukar
- Omsorgsløn: 7 personar

#### Tryggleiksalarmar:

Tysnes kommune har samarbeidsavtale med Hjelp 24 Trygghetsalarm A/S pr. 31.12.05:

- 42 alarmar til utleige
- 1 alarm knytt til Tysnes aldersheim

Trygde- og omsorgsbustader og bustader for psykisk utviklingshemma. Kommunen disponerer 55 bueiningar til utleige:

- Trygdebustader: 12
- Omsorgsbustader: 32
- Bustader psykisk utviklingshemma: 11

Det var ein ledig omsorgsbustad på Hovland pr. 31.12.05.

Tal brukarar i heimetenestene er stabilt frå forrige år, men i lange periodar har brukarar som bur heime eit stort hjelpebehov som krev auka omfang av hjelp. Skal me kunna gje gode nok tenester til brukarar i eigen heim som alternativ til institusjonsplass, er det eit særleg behov heimesjukepleietenesta.

#### Tysnes sjukeheim

Tysnes sjukeheim var 25 år i 2005, og markerte dette med bl.a ein fin jubileumsfest fredag 11. mars.

Tysnes sjukeheim er ein institusjon i positiv utvikling. Det er ein god institusjon for dei som bur der og ein god arbeidsplass for dei som arbeider der.

#### Innkjøp:

- 3 nye senger, 2 nye dusjstolar, ein ny ståløftar
- nye kontorstolar og pc bord til vaktrom
- nye reinhaldsvogner og utstyr

- Bedriftshelsetenesta gjennomførte arbeidsmiljøundersøking i 2005, med god tilbakemelding.

Inneklima:

- me har slite med kulde i bygget heile den kalde årstida dette året også.

#### Bustader pu Uggdal og Vågsmarka

- brukarane som bur i bustadene er stabile.
- det merkast at fleire av brukarane blir eldre, blir pensjonistar, mister arbeidstilbod og treng nye tilbod t.d. innafor dagsenter.
- det merkast også at brukarar får dårligare helse og får eit auka hjelpeomfang.
- fleire av bebruarane har vore på ferieturar både til utlandet og innlands. Ifrå pu Vågsmarka var 2 av brukarane med på tur 1 veke til Kypros i november.
- i 2005 hadde Fylkesmannen tilsyn på tenestene til desse bustadene i høve oppfølging bruk av tvang etter lov om sosiale tenester kap. 4 A.
- personalet i begge pu bustadene er stabile. Det er i periodar eit høgt sjukefråvær blant dei tilsette, noko som gjerne tyder på slitasje.

#### Tysnes aldersheim

- i 2005 har det skjedd ei gradvis avvikling av aldersheimen ved at pensjonærar har flytta over til institusjonsplass i Tysnes sjukeheim ved ledighet. Me har gjennomsnittleg hatt 6 pensjonærar i aldersheimen gjennom året, i langtids- og korttidsopphald.

- ved årsskifte hadde me att 5 bebuarar, 3 i langtidsopphald og 2 i korttidsopphald ved aldersheimen.
- i kommunestyremøte 15.11.05 vart det vedteke å endra driftsforma ved aldersheimen til bufellesskap frå 2006. Det vart også vedteke å
- i 2005 har det vorte gjort personellreduksjonar 2,7 årsverk, sjukepleiar, hjelpepleiar/omsorgsarbeidar, assistent, aktivitør, vaskeri.
- Tysnes aldersheim er base for heimetenestene i område 1.
- vaskeriet yt tenester for sjukeheim, aldersheim, bustadene og nokre private verksemder.
- me har fått tørrmoppesystem for å letta reinhaldsoppgåvane.
- det er innført nytt journalsystem i påvente av datajournal.

## **Psykisk helsevern**

### Måloppnåing:

- Psykisk helsevern i Tysnes kommune fekk i 2005 kr. 1 559 000 i øremerka midlar. Alle rapporter og planar blei godkjende av Fylkesmannen si helseavdeling, og rekneskapen for 2005 gjekk ut i null.
- Psykisk helsearbeider for barn og unge har delteke på vidareutdanning ved HSH - Stord i "Psykososialt arbeid for barn og unge", både i vår- og haustsemesteret.
- Psykisk helsevern i Tysnes kommune har inngått avtale med Helse Fonna om å ta i bruk felles datamal for Individuell plan. Denne datamalen er lagt inn i det eksisterande dataprogrammet CosDoc.
- Psykisk helsevern har utarbeidd rutinar for søkerader om Individuell plan. Desse rutinane er gjort gjeldande for alle etatar i helse- og sosialetaten.
- Tysnes kommune har starta arbeidet med å få på plass ein samarbeidsavtale med DPS -Stord når det gjeld rutinar og planar rundt brukaren både før, under og etter utskrivning.
- Det er gjort avtale om at brukarane av psykisk helsevern i Tysnes kommune er tilslutta brukarorganisasjonar i Sunnhordland, t.d. Mental Helse Stord og LEVE – Fonna lokallag.
- Det er i 2005 valt inn ein brukarrepresentant med vararepresentant i Psykiatrigruppa.
- Leigeavtalen for lokala til psykiatrisk dagsenter går ut medio 2006. Det har vore gjort ei utgreiing i forhold til å finna nytt lokale, og ny leigeavtale for medio 2006 og fem år fram, er underteikna.
- Tverrfaglege samarbeidsgrupper har halde fram. Psykiatrigruppa har hatt 3 møte, TEBU-gruppa har hatt 3 møte, Krisegruppa/B-gruppa har hatt 3 møte. ANT-gruppa er for tida "sovande".
- I 2005 starta det opp eit "Tverrfagleg oppvekstteam" ved Tysnes skule beståande av rektor, helsesøster, barnevern, PPT og psykisk helsearbeider. Lensmann og lege vert kalla inn i enkeltsaker ved behov.
- Tilsette i psykisk helsevern og helsestasjonen har hatt faste samarbeidsmøte ca. 1 gong
- Markering av "Verdensdagen for psykisk helse" Tema i år: "Barn, familie og nettverk". B-gruppa var arrangør, professor Atle Roness var føredragshaldar. Vellukka arrangement med stort frammøte.
- Kursbudsjettet har i år vore lågt, og me har derfor berre delteke på faste seminar for psykiatrikoordinator arrangert av Fylkeslegen, samt DPS - Stord sitt "Stordseminar".

## Ressursutnytting:

65 brukarar har vore knytta til psykisk helsevern i Tysnes kommune. 24 av desse er under 18 år. 3,7 årsverk har vore lønna over øyremerka midlar til psykisk helsevern. 7 brukarar (over 18 år) har fått tildelt støttekontakt over øyremerka midlar til psykisk helsevern. 7 brukarar har vore knytta til dagsentertilbod i psykisk helsevern.

## **2.4 Landbruk- og teknisk etat**

### **2.4.1 Organisasjon**

Etaten er organisert med teknisk sjef som leiar for 5 fagområde: jordbruk, skogbruk, brann- og byggjesak, kart og oppmåling, og kommunalteknisk drift bygg og eigedom.

### **Årsverk og tilsette**

	<u>Faktisk</u> <u>2002</u>	<u>Faktisk</u> <u>k</u> <u>2003</u>	<u>Faktisk</u> <u>2004</u>	<u>Faktisk</u> <u>2005</u>	<u>Plan</u> <u>2006</u>
<u>Adm.</u>	<u>1,08</u>	<u>1,08</u>	<u>1,15</u>	<u>1,05</u>	<u>1,05</u>
<u>Jordbruk</u>	<u>3,48</u>	<u>3,48</u>	<u>3,48</u>	<u>3,13</u>	<u>3,13</u>
<u>Skogbruk og vilt</u>	<u>0,62</u>	<u>0,62</u>	<u>0,62</u>	<u>0,62</u>	<u>0,62</u>
<u>Kart og oppmåling</u>	<u>2,0</u>	<u>2,0</u>	<u>2,0</u>	<u>1,90</u>	<u>1,90</u>
<u>Brann og feiing</u>	<u>2,2</u>	<u>2,2</u>	<u>2,2</u>	<u>2,20</u>	<u>2,20</u>
<u>Byggesak</u>	<u>2,05</u>	<u>2,55</u>	<u>2,55</u>	<u>2,50</u>	<u>2,50</u>
<u>Bygg og eigedom</u>	<u>4,1</u>	<u>4,05</u>	<u>4,05</u>	<u>3,85</u>	<u>3,85</u>
<u>Tysneshallen</u>				<u>0,30</u>	<u>0,30</u>
<u>Drift av gravplassar</u>	<u>0</u>	<u>0</u>	<u>1,1</u>	<u>1,10</u>	<u>1,10</u>
<u>Veg</u>	<u>2,0</u>	<u>2,2</u>	<u>1,15</u>	<u>1,20</u>	<u>1,20</u>
<u>Vatn, avløp,</u> <u>renovasjon og</u> <u>slamtøming</u>	<u>1,9</u>	<u>1,77</u>	<u>1,70</u>	<u>1,65</u>	<u>1,65</u>
<u>Sum årsverk</u>	<u>19,5</u>	<u>20,0</u>	<u>20,0</u>	<u>19,5</u>	<u>19,5</u>

0,3 av 19,5 stilling er nytta og finansiert av ”

### **2.4.2 Politisk aktivitet**

Vert presentert under kvart fagområde

### **2.4.3 Økonomisk resultat. Drift og Investeringar.**

Går fram av overordna og detaljert rekneskap lagd fram av Rådmannen. Sjå elles omtale under handlingsplan.

### **Kommunen har vedteke eigne planar for:**

Hovudplan for skogsvegar 1999.

Avfallsplan for Sunnhordland interkommunale Miljøverk 2000 - 2003

Trafikksikringsplan 2001 - 2004

Kystsoneplan

Hovudplan for vassforsyning 2000 - 2004

Risiko- og sårbarheitsplan  
Hovudplan for avløp 2000 - 2005  
Oversiktsplan for skogbruket.  
Landbruksplan 2004  
Kommuneplan 2003 - 2015

Slik det går fram av oversynet er tida komen for rullering av fleire av planane. Eit oppdatert planverk er eit godt fundament for målstyrt bruk av kommunen sine samla ressursar.

#### **2.4.4. Rapport – handlingsprogram / økonomiplan for teknisk drift**

Den verbale handlingsplanen i Kommuneplanen er ikkje rullert i 2004, med oppsettning av nye mål for 2005, anna enn dei som går fram av økonomiplanen. Rapporten her vert derfor i hovudsak relatert til Økonomiplanen.

Kommuneplan – 2003 - 2015 Handlingsprogrammet / Økonomiplanen 2005 Mål	Arsrapport 2005 Resultat	Evaluering, eventuell omprioritering til neste handlingsprogram
<b>DIVERSE PROSJEKT</b>		
Bustader for unge / Flyktningbustader	Prosjektet lagt på is.	Bruka lånereserven til finansiering andre prosjekt.
<b>ENØK-Prosjekt 2003 /2004</b> Deltakande bygg : Tysnes skule, Uggdal skule, Onarheim skule, Lunde skule, Rådhuset, Tysnes sjukeheim, Tysnes aldersheim, Uggdal kyrkje <b>MÅL :</b> 20% straumreduksjon med enkle tiltak. Vågsmarka barnehage vart målt utanom og viser stort sparepotensiale Energiplan	Prosjektrapport lagd fram  Oppfølging med registrering og rapportering av straumforbruk i 3 år held fram. Tiltak skissert er arbeidd inn i ØKP  Utsett i 2005	Vinst ved fokusering på straumbruk er sett til 10 %  Målt mot energibruk i 2002 <b>vart</b> reduksjonen i 2003 – <b>20%</b> ( 548 864 kWh – temperaturkorrigert) 2004 – <b>18 %</b> ( 489 264 kWh – ikke temperaturkorrigert) Endelige data for 2005 ikkje klar Etter råd frå Tysnes Kraftlag
<b>PCB Sanering</b> Ljosarmaturar  Vindauge	Tysnes sjukeheim ferdig i 2005. Skifta 29 stk i pasientrom. 5 stk i personalrom. 24 stk andre rom  Ikkje tiltak 2005	Samla <b>registrert 729</b> stk PCB armaturar som må skiftast. <b>Står att 619</b> stk Tiltak i ØKP 2006 – 2009.  Er slike att på Tysnes skule, Onarheim skule og Uggdal skule. Ufarleg så lenge dei ikkje vert våte i pakning med smitte til brukarane. Er ikkje med tiltak ØKP 2005 – 2008
<b>ADMINISTRASJONSBYGG</b>		
Rådhuset Frå årsmelding 2003: Brannvarsling, rømnings- ljos. El.dokumentasjon Utviding SD – anlegg	Gjennomført i 2005  Tilsyn Ikkje med i 2005	Brannsikring Rådhuset er ferdig. Står att å få på plass rutinar for brannøving og etablering brannvernperm. Gjennomført og utført tiltak. Med i ØKP 2005-2008
Tinghuset Tilrådd å selja huset i 2003 og	Ikkje gjennomført i 2005	For dårleg og dyrt å vedlikehalda. Ikkje

2004.		kommunalt arealbehov for kontorplassar her. Lagerplass i kjellar må kompenseraast.
<b>SKULEBYGG</b>		
<b>Lunde skule</b> Utviza SD-anlegget til å styra straumbruken i heile skulen. Berre tilbygg med. Brann- og El-dokumentasjon Takvindauge skifting Utviza skuleplass og parkeringsplass Utbetring akustikk Storastova	Vart ikkje teke omsyn til i ØKP for 2004 og ikkje i 2005 Ikkje med i 2005 Utsett grunna därlege vertilhøve Ikkje med i ØKP for 2005 Ikkje med i ØKP for 2005	Ikkje med i ØKP 2006-2009 Pay Off 15 år. Med i ØKP 2006 –2009 Gjennomførast i 2006 Ikkje med i ØKP 2006 –2009 ikkje med i ØKP 2006-2009
<b>Uggdal skule</b> Restarbeid etter utbygging: - Opprusting elevtoaletta - SD – anlegg - Brann- og El.dokumentasjon - Brannvarslingsanlegg og sikring  Ventilasjon med følgjekostnad  Rehabilitering   Innføring EDB i klasseromma Ny bruk skule frå skuleår 2006/2007	Ferdig 2004 Ferdig 2005 Ferdig 2005 Utsett til 2006/2007  Utsett til 2006/2007. Prioritet Tysnes skule i 2005 Ikkje finansiert i 2005  Ikkje finansiert i 2005 Eventuell tilpassing bygg ikkje vurdert i 2005	Finansiert av Utbygging Finansiert av Utbygging Finansiert Invest.2005 Med i ØKP 2006-2009 Finansiert av Utbygging må samordnast med ventilasjons –arbeid i 2006/2007 Med i ØKP 2006 – 2009 Ikkje med i ØKP 2006 – 2009 Rehabilitering Fasadalar, skifte vindauge, kle inn store vindauge gymsal, oppvaming og rehabilitering overflater tak, vegger og golv.  Elektrisk oppgradering med i EDB finansiering 2006 -2009 Ikkje finansiert i ØKP 2006 – 2009
<b>Tysnes skule</b> Oppgradering SD-anlegg og samordna med Tysneshallen Oppussing Bibliotek Ombygging til Mediatek Ventilasjonsanlegg i Barne-skulen og Avtrekk kjøken Brann- og EL.dokumentasjon Utviding brannalarmanlegg Brannsikringstiltak og Utbetring etter EL.tilsyn Tilrettelagt kontorplassar i administrasjonsdel Skifta roten kledning gavl og trapperom mot Tysneshallen Oppussing foajè Symjehall – VV-berederer Drenering nedsida skulebygg. For uttørking fundament og golv Asfaltert parkeringsplass Rehabilitering barneskule, symjehall og elevtoalett	Ferdig 2005 Ferdig 2005 Ferdig 2005 Ferdig 2005 Ferdig 2005 Arbeid starta 2005 og held fram i 2006  Ferdig 2005 Ferdig 2005 Ferdig 2005 Ferdig 2005 Ferdig 2005 Ferdig 2005 Ikkje finansiert i 2005	Finansiert Invest. 2005  Finansiert Invest. 2005 Finansiert skulebudsjett Finansiert Invest. 2005 Finansiert Invest. 2005 Finansiert Invest. 2005 Finansiert Invest. 2005 og i ØKP 2006- 2009  Finansiert driftrelatert/drift Finansiert driftrelatert Finansiert driftrelatert Finansiert drift Finansiert driftrelatert  Finansiert drift Rehab. Fasadalar og nye vindauge og golv underetg. barneskule, gymsal og symjehall, nye golvbelegg samt rehab. Symjehall. Med i ØKP 2006 – 2009 med

Ny bruk skule fra 2006/2007  Utviding kapasitet kontor for lærarane  Akustisk problem lærarom Oppussing/maling korridora osb	Tiltak ikkje planlagd i 2005  Tiltak ikkje planlagd i 2005  Plan 2006 Oppstart 2005 halda fram i 2006	oppstart planarbeid 2006/2007 og dels til gjennomføring 2007/2009  Ikkje finansiert  Ikkje finansiert  Driftrelatert finansiering 2006 Driftrelatert finansiering 2006
<b>Onarheim skule</b> Ventilasjon, Enøk/SD-anlegg, innemiljø, rømningsvegar, Brann og El. Dokumentasjon Sikringsarbeid etter brann og El.tilsyn Rehabilitera overflater inne og ute	Tiltak prioritert : 1 Tysnes skule 2005 – 2006 2 Uggdal skule 2006 – 2007 3 Onarheim frå 2007 - 2008  ikkje finansiert i 2005	Er arbeidd inn i ØKP 2006 – 2009  Tetting fasade syd og utbetring grovkjøkken i 2007 Ikkje noko anna finansiert
<b>BARNEHAGAR</b>		
<b>Myklestad barnehage</b> Brann- og El.dokumentasjon Sikringstiltak etter brann og El.tilsyn Ferdigstille gjerde Varme og ventilasjon, isolering  Personalrom og garderober Rehabilitering deler av fasade	Ferdig 2005  Ferdig 2005  Ikkje finansiert i 2005  Ikkje finansiert i 2005	Finansiert Invest. 2005 Finansiert i 2006 Drift  Kalde golv, därleg isolasjon i veggger, opningsløyving i 2009 Her er behov for tiltak i kjellar vedkomande tilkomst til møterom / pauserom og komplettering personal-garderober.
<b>Lunde barnehage</b> Brann- og El. dokumentasjon Sikringstiltak etter brann og El.tilsyn Opprusting / Utviding og rehabilitering fasade og skifte vindauge.  Ombygging til personalrom og garderober på loft	Ferdig 2005 Starta 2005 ferdigstilling i 2006  Laga planar for utviding av barnehagen i samsvar med plassbehov for det tal barn barnehagen er dimensjonert for., samt ombygging loft til personalrom.  Var med i ØKP 2005- 2008 med oppstart 2006.	Finansiert Invest. 2005 Finansiert Invest. 2005/2006  Ingen av tiltaka nemnd her er finansiert i ØKP 2006 – 2009  Det er behov for betre garderobepllass borna, tørkerom, WC, HK-WC og kvilerom, etterom kvilerommet på loftet er stengd av branntilsynet av tryggleiksomsyn. Det er behov for personalrom Det er behov for fasade-rehabilitering i den gamle bustaddelen av barnehagen
<b>Vågsmarka barnehage</b> Brann- og El.dokumentasjon Sikringstiltak etter brann og El.tilsyn Vøling havarert SD-anlegg	Ferdig 2005 Brann ferdig 2005, El. 2006  Ikkje finansiert i 2005	Finansiert Invest. 2005 Finansiert drift 2005 / 2006 Finansiert i 2008, bør skyvast fram for å spara straum
<b>HELSE – OG SOSIALBYGG</b>		

<b>Tysnes aldersheim</b>		
Tilkomst og parkering og kjøp av grunn	Kjøp av grunn til vegtilkomst, snuplass og parkering ikke gjennomført. Saka lagt på "is" til klarlagt vidare behov og bruk	Har intensjonsavtale med eigar grunn vegtilkomst. Eigar grunn snuplass / parkering, Ikke klar. Må truleg oreigne i hht kommunestyret sitt vedtak
Sikringstiltak etter brann- og El.tilsyn i 2004	Tiltak ferdig 2005 Gjennomført sikring av rømningsvegar, etablert rømnings- og ledeljos, Brann- og El.dokumentert bygget.	Sprinkling loft over trebygget er erstatta med 2 lag gips. Branndokumentasjonen opphevde krav om sprinkling loft over bustaddel, avdi betongskilje.
Ombygging for ny bruk Rehabilitering bad Enøk og ventilasjon Rehabilitering fasadar og utsiktning vindauge i bustaddelen	Ikkje klarlagt i 2005 Ikkje klarlagt i 2005 Ikkje klarlagt i 2005 Ikkje finansiert i 2005	Desse 3 punkta heng i hop og må utførast parallelt. Ikkje finansiert i ØKP 2006-2009 Ikkje finansiert i ØKP 2006 – 2009
<b>Tysnes sjukeheim</b>		
Daglegstove i gammalt bårerom Oppgradering	Plan klar utføring i 2006 Elektrisk anlegg justert v/ pasientsenger, skifta kabel med "råten" isolasjon på bad.	Finansiert i 2004/2006 Finansiert Invest. 2005 Restløyving overført 2006
Brann- og El.dokumentasjon Sikringstiltak etter brann og El.tilsyn	Ferdig 2005 Finansiert i 2006/2007	Dører og vegger i 2006 Sprinkling samla i 2007 Med i ØKP 2006-2009 i 2008 og 2009. Må truleg skyvast fram, fare for full stopp kva tid som helst.
Utsiktning ventilasjonsanlegg Og delvis kanalanlegg	Ikkje finansiert i 2005	Delvis finansiert tiltak i ØKP 2006 – 2009 Finansiert av Energiplan –05
Vassrøyr går i oppløsing og smålekkasjar oppstår ofte. Alternativ oppvarming – Oljekjel og El.kjel er utdatert og vanskeleg å få delar til. Oljetank må snart skiftast. Rehabilitering vegg i bad. Tilleggsisolering tak og Skifte / kle igjen vindauge for å betre varmetilhøva. Rehabilitera belegg golv og overflater / tak vegg i bebarrom og fellesareal	Samla Plan = Lokal energiplan/ Teknisk plan av konsulent i 2006  Ikkje finansiert 2005 – pay off 6 år	Bygget er 26 år og i døgn-kontinuerleg bruk med krevjande / slitande drift. Stopp i dei tekniske anlegga medfører store driftsproblem og kulde kan medføra helseproblem for bebarane. Bygget er kaldt, nedslite og dei tekniske anlegga er ved levetids slutt. Tiltak må iverksetjast dersom drifta skal halda fram. Bør inn som del av rehabiliteringa. Bygget er største energibruk i kommunen si eige. Nye forsøk på sluttføring i 2006. ( Bad og utvendig puss)
Komplettering SD-anlegg  Reklamasjonar etter utviding 2000	Entreprenørane ikkje utført i 2005	
<b>Omsorgs- / trygdebustader</b> Oppussing husvære i eigenregi	Bad 1 trygdebustad i Våge Berederbyte, elles ingen tiltak 2005. 3 rom Aldersheim	Me har 44 slike bustader: 12 Trygdebustader. 21 Omsorgsbustader. 6 Omsorgsbustader på loft Aldersheimen.

Utvendig maling i eigenregi	Omsorgsbustader i Vågsmarka	5 Omsorgsbustader på loft Sjukeheimen Dei eldste byrjar bli slitne og må rehabiliterast Arbeidd inn mindre tiltak i ØKP 2006-09 frå 2007.
<b><u>PU – bustader</u></b> Brann- og El.dokumentasjon  Sikringstiltak etter Brann- og El.tilsyn hovudtyngd PU Uggdal m/ sprinkling  Årleg oppussing tak/ vegger/ belegg  Ventilasjonsanlegg m/ varmegjenvinning type Villavent el.l. PU – Vågsmarka Vøla belegg etter berederskifte 2004  PU – Uggdal Personalrom etter krav arb.tils og justering ventilasjon	Ferdig 2005  Ferdigstille 2006  Ikkje finansiert i 2005  Ikkje finansiert i 2005  Ikkje ferdig 2005  Delfinansiert i 2005,(50') restfinansiert i 2007 (50')	Me har 11 bustadeiningar 6 eininger og kontor i Våge. 5 eininger og fellesrom i Uggdal Med i ØKP 2006 – 2008  Med i ØKP 2006 – 2009 i 2008 og 2009. Må halda fram årleg vidare. Ikkje med i ØKP 2006 – 2009  Driftrelatert finansiering 2006  Ferdig og restmidlar brukast på Resttiltak i 2007
<b><u>Gjennomgangsbustad</u></b> El.tilsyn og sikring etter tilsyn Malt utvendig (soppangrep) Skifta kjøkenbenk og bereder	Ferdig 2005 Ferdig 2005 Ferdig 2005	Finansiert invest. 2005 Finansiert drift. Følgja opp 2006 ytterlegare tiltak. Drift
<b><u>Personalbustad</u></b> <b>Prestebustad Uggdal inkl hybel</b> El.tilsyn og sikringstiltak Skifte tak, vindauge og råten kledning	Ikkje finansiert i 2005 Ikkje finansiert i 2005	Finansiering flytta frå 2006 til 2007 i ØKP 2006 – 2009. Finansiering flytta frå 2006 til 2007 i ØKP 2006 – 2009. Truleg underbudsjettert.
<b><u>Personalbustad</u></b> <b>Legebustad Våge</b> El.tilsyn og sikringstiltak Oppussing husvære	Ikkje finansiert i 2005 Ikkje finansiert i 2005	Ikkje tiltak med på dette bygget i ØKP 2006 – 2009
<b><u>Reksteren skule syd og nord</u></b>	Begge Seld	
<b>Tveit skule</b>	Seld 2005	
<b>Meieriet</b>	Seld 2005	
<b>RENOVASJON, SLAMTØMING, AVLØP OG VASSFORSYNING</b>		

<b><u>Renovasjon</u></b> Hovudplan 2000 – 2003 Gebyrgrunnlag og Sjølvkostanalyse  Lovendring definisjon avfall	Ikkje arbeid i gang Oppdatert så godt som mogleg. Sjølvkost ikkje justert Innført 2005 og fungerer bra Veging siste halvår. Endeleg konklusjon etter 2006.	Hovudplan forelda og bør fornyast. I løpet av 2006, gjennomgå alle betalingstenester med omsyn til sjølvkostprinsippet SIM sine faktureringsrutinar medførte at siste halvår 2005 vart belasta budsjett 2006
<b><u>Slamtøming private</u></b> Slamtømerunde hus og hytte Årleg Gebyrinnkrevjing Gebyrgrunnlag og sjølvkost	Ny runde i 2006 Gjennomført utan klagar Som for renovasjon	Tydeleg effektivisering. Som for renovasjon
<b><u>Avløp kommunalt</u></b> Hovudplan 2000 - 2005  Hovudkloakk Våge – Reinseanlegg og sanering Øvre Klokkargarden  Gebyrgrunnlag og sjølvkost Vee / Teigland og Gjerstadneset Lokal ureining frå private kloakkanlegg.  Avløp separate avløpsanlegg utan utslepp til sjø	Prioritert 1 er sanering kommunale kloakkar i området Eidet - Reiso. Reguleringsplan gangveg og framdrift for etablering av den er klar. Reinseanlegget er ved levetids slutt. Hyppige driftstopp. Stor innlekkning av overvatn frå Øvre Klokkargarden  Som for renovasjon Ordføraren arrangert folke-møte for klargjering av saka.  Finansiert i 2004 og 2005 Rakk ikkje gjennomføra	Bør vurdera å rullera planen i 2006. Samordna tiltak med etablering gangveg, kablar for kraftlaget og ny vassleidning for vasslaget. Prioritet 1 i Hovudplan hindrar gjennomføring av strakstiltak som må til i Våge. Omprioritera innsats og starta i Våge 2006. Finansiering gangveg uklar. Som for renovasjon Vert sett på som sak der dei som ureinar må betala for tiltak for opprydding. Vurdera tilskot. Gjeld undersøking av resipienttilhøva for ferskvatn og etablering av plan for handtering av private utslepp av avløpsvatn.
<b><u>Vassforsyning</u></b> Reservevassforsyning og beredskap	Ikkje tiltak i 2005	Reservevassforsyning og vassforsyning i beredskaps-samanhang ikkje på plass. Må vurdera om tilskots-ordninga skal halda fram i hht kommunestyret sitt vedtak Må vurdera om Kontakt-utvalet mellom kommunen og vasslaga skal vidareførast
<b>KOMMUNALE VEGAR, KAIER OG BRUER</b>		
<b><u>Hovudplan veg</u></b> Kommunen skal utarbeida ein eigen vegplan.	Løyving 2003 ( 100`) Fullfinansiering i 2007 etter endring i ØKP 2006-2009	Vedtak om oppstart planarbeid og klargjering planomfang må på plass 2006 / 2007
<b><u>Dokumentasjon av bruer / Tiltak og sikring</u></b> <b><u>Bru til Skorpo</u></b> Forsegling membran Neolastic og slitedekke <b><u>Bru Hopsund</u></b> Vurdering tilstand og eigartilhøve	Eigenkontroll 2005  Ferdig 2005  Ikkje vurdert i 2005 Eigartilhøve ikkje klarlagt i 2005 Driftsbudsjett 2006	Finansiert Drift Problematisk å finna dokumentasjon over vedtak om eigartilhøve. Berebjelkar er rustne og kan utgjera eit tryggleiksproblem.

Kontrollrunde 2006		Leige inn kvalifisert firma.
<b>Sikring / Utbetring av Kaier</b> <u>Arkivsak nr. 02/00038</u>	Finansiering skissert i ØKP 2005 – 2008 endra og i hovudsak kutta ut i ØKP 2006 – 2009 fram til 2009. Driftsbudsjett 2006	Det er tidlegare laga saksutgreiing for tiltak på og omfang av kommunale kaier. Denne er basert på Rapport frå kartlegging av tilstand. Følgjande kaier er <i>sterkt skada og utgjer trugsmål</i> : <b>Kai Elsakervågen</b> – både tømmerkai og kommunal kai <b>Flatråker kai</b> – Kommunal kai – bæresystem i ferd med å gå i opplysing. Tømmerkaien er ok <b>Amlandstø kai</b> – Er heilt nedbroten og bør fjernast. Bør klargjerast i 2006. Dels med i "kaiutgreiing".
Kommunebrygger og kaier. Omfang og eiga tilhøve	Ikkje klarert i 2005	
<b>Sikring/ forsterking av kommunevegar</b>		
Rassikring veg til Heningen	Ferdig og restfinansiert 2005	Sikring må til i Lundehagen 2, Veg til Lunde Kai
Forsterking av vegr / grøfting	Tiltak Årbakkasjøen, Skorpo, Hopsund, Eldholm, Heie/ Økland, Flygansvær	Kartlegging bereevne kommunevegane, utarbeiding handlingsplan forsterkingstiltak vert utført som del av Hovudplan Veg. Tiltak i ØKP 2006 – 2009 frå 2008. Underbudsjettert.
<b>Kommunevegar</b> <u>Asfaltering</u>	Skorpo 536 t inkl bru. Årbakkasjøen 195 t Heningen 215 t Sauabakkane 74 t Heie-Økland 128 t Gangveg Tysnes skule/og mot Tysneshallen og parkeringsplass 162 t	Tiltak med asfaltering skal i hovudsak ikkje utførast før vegen er grøfta tilfredsstillande og har fått sett seg i 1 år. Dessverre er undergrunnen og oppbygginga av dei gamle kjerrevegane særslig og me vert tvungne til å sporfylla før grøfting utført.
<b>Utarbeida planar for gjennomføring av trafikksikringsplanen.</b> Fartshumpar i Vågmarka <u>Skilting ”Gatetun” i Sauabakkane og Vågmarka</u> Gangveg Uggdal. Gangveg Lunde Aksjon skuleveg- tiltak	Etablert fleire 2005 Etablert i 2005. Reguleringsplan ferdig . Plan ikkje ferdig Ikkje gjennomført fysiske tiltak på riks-/eller fylkesveg slike som i 2002. Fylket har ikkje avsett pengar til samarbeidstiltak	Stor fart frå Winsoor Door til Vågmarka 5 Ein må prioritera å klargjera finansiering og gjennomføring av gangvegprosjekta.
<u>Elveregulering / Vassdrag</u>	Ikkje tiltak 2005	

## LANDBRUK

Av nytelførte arbeidsoppgåver (frå 2004) er det særleg SMIL (spesielle miljøtiltak i jordbruksoppgåver) som har utvikla seg med stor auke og pågong, noko som er positivt. Medan kommunen i 2004 fekk kr. 64 000 i tilskotssum, vart denne auka til kr. 150 000 i 2005. I



### **Skogkulturaktivitet:**

Svært liten aktivitet. Nyplanting 15 daa, markbereiing 27 daa, rydding/kvalitetsstell 13 daa og litt juletreplanting.

### **Skogsvegbygging:**

Det er ferdigbygd totalt 1150 m skogsbilveg klasse 3, 1250 m traktorveg kl. 7 og ca. 500 m enkle traktorvegar.

**Innmeldt hogst VSOP:** 938 m<sup>3</sup>.

### **Målloppnåing:**

I oversiktsplan skog 1999 hadde me desse målsetjingane: Skogkultur: planting 240 daa/år, etterarbeid/kvalitetsstell/rydding 250 daa/år, årleg hogst 10.000m<sup>3</sup>. Vegbygging 1400 m skogsbilveg og 3000 m traktorveg kl.7 pr. år. Konklusjon: Skogkultur og hogst er langt bak desse måla. Aktiviteten med skogsvegbygging er atskillig betre

Kvifor er me så langt i frå å nå dei måla me har sett oss? Tysnes kommune har gode tilskotsordningar. Etterarbeid/kvalitetsstell, markberedning 70% tilskot. Kvalitetsstell av eksisterande skog veit me er av vesentleg avgjersle for framtidig økonomisk resultat. Me snakkar her om ein framtidig årleg verdireduksjon i millionklassen. Tilskot til tynning kr. 400,- pr daa. Tilskot til drift i bratt terreng og drift med hest kr. 80,- pr. kubikk(maks. kr. 2000,- pr.daa). Likevel er det ikkje søkt om tilskot til hogst/tynning i 2005. Tilskot til vegbygging: Skogsvegar kl. 3 og kl. 7 kan få mellom 40 og 60% tilskot til gode prosjekt.

på hogst og skogkultur er nok ein kombinasjon av; dårlig pris, anna godt betalt arbeid, lite kunnskap, dårlig med tid til å setja seg inn i forvalting av eigen skog, ikkje tid til å hogga sjølv lenger, därlege vintrar, negativ lada omtale av landbruket generelt osv.

### **Framtidsutsiktene:**

Ny regjering positiv til primærnæringane. Lovar auka satsing. I 2006 vert det truleg ein liten auke i tilskotspotten. Tilskot til planting gjeninnført! Stor interesse for skogsvegbygging.

Løyvde tilskot 2005.

	<b>Statleg løyving (NMSK)</b>	<b>Kommunetilskot</b>	<b>Sum tilskot</b>
Veg:	kr. 356.680,-	kr. 50.000,-	406.680,-
Samarbeidtilt.	kr. 36.000,-		36.000,-
<u>Skogkultur:</u>	kr. 16.537,-	0.-	16.537,-
<u>Sum:</u>	kr. 409.217,-	kr. 50.000,-	459.217,-

## **VILTFORVALTING**

**Oppsummering:** Hjortebestanden på Tysnes er framleis for høg.

### **Hjorteforvalting:**

Minstearealet vart redusert frå 750 daa til 600 daa i 2005. Dette resulterte i 430 fellingsløyve, som er ein auke med 57 dyr frå 2004. På tross av den store auken vart det felt 371 dyr som gav ein fellingsprosent på 86 %. Dette er veldig bra, og langt over forventa fellingsresultat.

Fellingsprosenten og tilbakemelding frå valda tyder på at bestanden framleis er svært stor. Skadeomfanget på innmark, beite og skog er framleis stor. Det har vore gjennomført hjort-registrering for tredje året på rad. Resultata av dette materialet er samanfallande med fellingsresultatet. Alt i alt tyder dette på at stamma er stor og kanskje også veksande. Målsetjinga om å redusera hjortebestanden er ikkje oppnådd.

### **Grunneigarstyrt hjorteforvalting:**

I delar av Tysnes er det interesse for å sjå nærare på grunneigarstyrt hjorteforvalting. Skogeigarlaget Vest er her støttespelar.

### **fiskeforvalting:**

Det skjer lite innanfor desse områda i kommunal regi. Me ser ingen private initiativ heller.

### **Saker handsama i 2005:**

**Skog:** 7 søknader om landbruksveg. 2 søknader om tilskot til skogkultur.

1 søknad om samarbeidstiltak. 11 søknader om tilskot til skogsvegar (NMSK og kommunalt tilskot). 4 innvilga 7 på vent. Kostnadsramme på vegbyggingssøknader: ca. 1,5 million. Nye søknader er på veg.

**Vilt:** 26 søknader om dispensasjon frå minstearealet, 2 søknader om godkjenning av vald, 6 viltfondsmidlar.

## **OPPMÅLINGSAVDELINGA**

### **KART OG OPPMÅLING**

Det har vore svært god budsjettoppnåing for 2005.

Tysnes kommune har innført EUREF89 frå 11.11.2005.

Sommaren 2005 vart det flyfotografert vertikalfoto som grunnlag for ortofoto. Desse vil verta klare sommar/haust 2006, og vil verta lagde ut på internett. Ortofoto er vertikalfoto som er målestokkrett, og som kan visast saman med kommunen sine vanlege kart.

internett med kart saman med 18 andre kommunar i Nord Rogaland, Sunnhordland og Hardanger gjennom [www.fonnakart.no](http://www.fonnakart.no).

### **Målsetjing for 2006**

Målsetjing er å få innført offentlege adresser i område . Arbeidet er i gong. Sjølv om samarbeidet om GPS-måleutstyr med Fusa fungerer bra er det eit mål at kommunen GPS-utstyr. Dette for å få større effektivitet.

### **Delingssaker**

STATISTIKK OPPMÅLINGSAVDELINGA	2001	2002	2003	2004	2005
Målebrev produserte	18	35	55	36	49

Tinglyste målebrev	17	9	3	14	16
Tinglyste målebrev totalt dette året		16	15	28	29
Målebrev produserte, ikkje tinglyste	5	26	52	22	33
Mellombelse forretningar	8	3	8	14	2
Tinglyste mellombelse forretningar	1	3	1	13	1
Mellombelse forretningar, ikkje tinglyste	7	0	7	1	1
Tinglyste registreringsbrev		0	0	0	0
Registreringsbrev ikkje tinglyste		2	2	0	1
Kravde kartforretningar	35	41	82	55	60
Seksjoneringar			1	1	0
Saker i landbruk/teknisk	4		4	1	3

### Utvikling i gebyrinntekter

	2003	2004	2005
Budsjett	366.000,-	419.000,-	503.000,-
Rekneskap	366.000,-	501.110,-	574.153,-

### Selde tomter

Totalt i Vågsmarka 5 er det 14 tomter som anten er selde eller er tildelte.

### Areal- og byggjesaker

Endringar i plan- og bygningslova har medført krav til meir omfattande sakshandsaming. Sjølv om det ligg føre ny arealdel til kommuneplanen er det framleis førespurnader, dispensasjonssøknader og klagesaker i LNF-områda. Desse sakene krev ei relativt omfattande sakshandsaming. Sakshandsamingstid er her om lag 6 md. grunna politisk handsaming i min. to møte og handsaming i fylket hos fylkesmannen og fylkesrådmannen m.fl. Saker som er relaterte til hytter og fritidshus er framleis dominante.

Handsamingsrutiner er betra. Sjølv om det framleis er stor saksmengde er me no på rett veg sakshandsamingstider.

Noverande betalingsregulativ vart sett i verk i august 2002. I perioden 2002 - 2005 har det vore 5 - 7 klager/merknader på einskilde satsar. Sett i relasjon til saksmengde fungerer regulativet tilfredsstillende. Det er trong for revidering av regulativet. Inntektsutviklinga er om lag 11 % meir enn budsjettet. Må sjåast i samanheng med sakstype og ikkje direkte saksmengde.

### Utvikling i saksmengde:

PBL.	2001	2002	2003	2004	2005
Bygningsråd/UIII/ L/T totalt.	164	185	283	293	307
Andel delegasjonssaker.	62	116	137	124	122

Tabellen syner **berre** saker som er handsama etter plan - og bygningslova og Forskrift om utslepp frå separate avløpsanlegg m.m. For andre type saker som er handsama etter jordlova, skoglova m. m. vert det vist til anna programområde.

Mål for 2006:

- Kortare sakshandsamingstid.
- Innkjøp av dataprogram for betre sakshandsamingsrutiner.
- Opplæring og kursing av sakshandsamarane inkl. sekretariatspersonell.
- Revidering av betalingsregulativ for plan- og byggjesaker m.m.
- Betring av sjølvfinansieringsprosent.
- Utarbeiding/revidering av informasjonssider på internett for publikum.

## **BRANNVERN OG FEIING**

Utøving av tenesta har vore tilfredsstillande. Største utfordring i åra som kjem er opplæring og førebyggjande arbeid. Bilpark, sløkkjeutstyr, utstyr for røykdykking er tilfredsstillande. Redningsutstyr/frigjeringsutstyr er ikkje komplett. Her er det trond for vinsj i samband med biluhell.

Brannvernet har enno ikkje operative røykdykkarar for alle fasar. Årsaka er manglande formell utdanning. Ein del personleg verneutstyr og vanleg forbruksmateriell må fornyast. Kommunikasjonsutstyr og alarmering har fungert tilfredsstillande. Ein del materiell er moden for utskifting, det gjeld personsøkjarar og radioar. Garasje/brannstasjon er moden for fornying, det gjeld særleg garderobar m.m.

Mannskapsstyrken ved hovudbrannstasjonen har vore tilfredsstillande. Avstand til brannstasjon gjer at einskilde mannskap har for stor forspenningstid i forhold til intensjonane i brannordninga. På Nymark er det etablert rode med fire mann. Dette mannskapet er i ein del av hovudstyrken. Vaktordning for roden er ikkje etablert.

Brannøvingar har vore tilfredsstillande. Lokalitet for røykdykkarøving er under slutføring.

Gjeldande brannordning føreset at brannvernet sitt overbefal skal bestå av brannsjef, varabrannsjef og ein brannmeister i heil stilling. For dei tre nemnde stillingskategoriane gjeld også vanleg beredskap og forspenningstid. Frå mai 1997 har kommunen vore utan varabrannsjef. Ny reform krev omfattande opplæring som skal skje i regi av Norges brannskole. Utdanning/opplæring av befal og mannskap har kome godt i gang. Tre befal har no formell godkjent utdanning. To befal er under utdanning. Resterande del av mannskapet og befalet stettar ikkje krav til ny utdanningsreform. Brannsyn for § 13 objekt er starta opp.

Oversyn over utrykkingar.

	2001	2002	2003	2004	2005
Brann i bygning	2	2 (3)	3	1	2
Bilbrann	1	0	0	0	0
Pipebrann	4	1	11	1	1
Gras, lyng og mindre skogbrann	1		5	1.	1
Unødig alarm	2	1	0	0	2
Annен assistanse	3		4	2	5
Biluhell	2	3	4*	1	1
Meld. om skogbrann	0		1	0	0

(Bålbrann m.v.)	1	1	1	
Branntilløp i bygning	2		1	2
Sum utrykkingar	18	9(10)	30	9

\*2003 Eit biluhell med alvorleg personskade og eit biluhell med dødsfall.

2005 var eit normalt år sett i relasjon til antall og type utrykkingar. Positivt med reduksjon i antall pipebrannar. Andelen brann i bygning ligg på det gjevne. Det same gjeld branntilløp i bygning.

Brannordninga vart godkjent av DBE i skriv av 09.11.98. Sjølv om brannordninga er godkjent er ikkje iverksetjing fullført på alle område.

## Feiarvesen

Praktisk utøving av tenesta har fungert tilfredsstillande. Brannsyn på småhus har kome i gang, men mykje står att. Feiaren manglar formell utdanning. Feiaren må gå igjennom ei relativt omfattande kursing og utdanning i åra som kjem.

- Førebyggjande arbeid og iverksetjing av brannordning må prioriterast. For å få gjennomført tilfredsstillande brannsyn, må delar av tenesta kjøpast.
- Førebyggjande arbeid og iverksetjing av vanleg brannsyn i samband med utøving av feiartenesta.
- Opplæring av eksisterande og nytt mannskap. Gjennomføring av grunnutdanning v/NBS. Gjeld og for både mannskapsstyrke og feiar.
- Kjøp av redningsutstyr/vinsj.
- Vidareutvikling av rode Nymark.
- Opplegg for proff debriefing etter spesielle hendingar.
- Innkjøp av datautstyr/program for brann og feiartenesta.
- Betring av lokalitet for øving.
- Betring av garderobeforhold på brannstasjonen.